

RAPPORT, «DEN KULTURELLE SPASERSTOKKEN», OSTERØY 2015

Midlane som vart tildelt Osterøy for 2015 frå DKS vart brukt i tråd med søknad og intensjon: Det vart gjennomført 22 generasjonssong/songkafe- samlingar leia av musikkterapeut Eva-Marie Toppe. Her var det tilsaman 861 deltakarar. Så var det 23 konsertar med 1179 tilhøyrarar. Totalt tal på arrangement var 45, og på dei tilstellingane kom det 2040 personar for å høyra på.

Arrangementa har funne stad på «Osterøytunet», som er Osterøy kommune sin alders- og pleieheim. Alle tilstellingar har vore i regi av Folkeakademiet Osterøy som har førebudd og gjennomført konsertane vederlagsfritt.

Den tildelte summen til DKS frå Hordaland Fylkeskommune var på 70 000 kr, noko som ikkje rakk til å dekkja inn det vi ville gjennomføra. Osterøy kommune kom med ei ekstratildeling slik at vi også i år klarte å gjennomføra konsertane og det som kjem inn under musikkterapi v/Eva-Marie Toppe.

UTDRAG FRÅ REKNSKAPEN SOM GJELD DKS 2015

Driftsinntekter

Tilskot frå Fylkeskommunen til DKS	70 000
Tilskot frå kommunen for 2015 og 2016	60 000 (vart tildelt desember 2015 for å dekkja underskot haust 2015 og vår 2016)

Driftskostnader

Musikkterapi	59 957
Konsertar DKS	54 496

Dersom det er ønskje om fleire detaljar frå budsjettet, kan dette sjølvsagt sendast over.

22.08.2016

Kristoffer Foldøy